

Til medlem av programrådet

Dato:

REFERAT TIL PROGRAMRÅDSMØTE, PSYKOLOGISK INSTITUTT

Dato: 19.09.2023

Stad: Møterom N202

Tid: Kl. 12.15-14.00

Til stade: Karl Nordlie, Charlie Dickhausen, Ole Andre Solbakken, Inger Selvaag, Ylva Østby Berger, Pål Ulleberg, Kristin Gustavsson, Jostein Eikrem Koløen, Vibeke Moe.

SAKSLISTE:

O-sak 09/23	Orienteringar <ul style="list-style-type: none">- Status for periodisk programevaluering.- Semesteransvar og emneevalueringar. Inviterer semesteransvarlige til å presentere emneevalueringer for programrådet.- Planlagt arbeidsstove for tilsette i EpN.- Arbeid for å rette opp nivåinndeling på nettsidene for profesjonsprogrammet etter overgang til EpN. <p>Utdanningsleiar og studieleiar informerte.</p>
O-sak 10/23	Nytt frå læringskontaktane ved PSI <p>Ylva Østby Berger fortalte om undervisningsfrukost og planlegging av programmet for hausten. God oppslutnad om kurs for PhD i universitetspedagogikk i regi av EILIN med fagnær tilnærming.</p>
D-sak 9/23	Eksamensspråk på profesjonsprogrammet <p>Programrådet ber studieadministrasjonen om å gjere ei vurdering av dagens eksamensspråk på profesjonsprogrammet og kome tilbake til programrådet med eit forslag til eventuelle føringar for eksamensspråk på ulike emne.</p>
D-sak 10/23	Munnleg forsvar av avsluttande oppgåve <p>Programrådet diskuterte fordelar og ulemper ved munnleg forsvar av master-, hovud- og bacheloroppgåver ved PSI. Programrådet var samla positive til innføring av ein munnleg komponent på desse avsluttande oppgåvene, men peika på at det kan være behov for å sette desse opp ulikt ut frå type og omfang på oppgåvene.</p>

	Programrådet bad om ei vidare utgreiing for løysingar på munnleg forsvor for bacheloroppgåvene, masteroppgåvene og hovudoppgåvene, slik at desse kan bli tatt som vedtakssaker som kan gjelde frå og med hausten 2024.
V-sak 13/23	<p>Omfang av nytt emne i leing og eventuelt nye valbare emne</p> <p>Programrådet vedtok å oppretthalde V-sak 7/2021 om 5 studiepoeng for det nye emnet i PSYC3402 - Ledelse og gruppedynamikk, med oppstart på 6. semester våren 2024.</p> <p>Dette vedtaket inneber ein reduksjon frå 10 til 5 studiepoeng valbare psykologiemne. I lys av dette vil programrådet diskutere om studentar også skal kunne endre rekkjefølgje i studieplanen for å ta PSYC3402 på sitt 5. semester.</p> <p>Programrådet vil vidare vedta kva emne som skal være valbare psykologiemne for våren 2024 på sitt neste møte 17. oktober.</p>
V-sak 14/23	<p>Unntak for studentar som reiser på utveksling våren 2024</p> <p>Programrådet vedtok at studentar som er på utveksling hausten 2023 eller skal reise på utveksling våren 2024 får fritak for det nye emnet i leing og gruppedynamikk i sin studieplan. Fritaket skal også gjelde studentar som innan våren 2024 har gjennomført eller fått godkjent innpass for 20 valbare psykologiemne.</p>
V-sak 15/23	<p>Søknad om oppretting av valbart emne om Affektintegrasjon</p> <p>Programrådet vedtok å opprette eit nytt valbart emne på 5 studiepoeng for Profesjonsprogrammet i psykologi om affektintegrasjon våren 2024.</p>
V-sak 16/23	<p>Søknad om endring av vurderingsform PSY4110</p> <p>Programrådet vedtok å endre eksamensform frå heimeeksamen til mappeeksamen for PSY4110 frå og med våren 2024.</p>
V-sak 17/23	<p>Søknad om endring av vurderingsform PSYC4415</p> <p>Programrådet vedtok å endre eksamensform frå mappeeksamen til heimeeksamen i PSYC4415. Vedtaket inneber ei strukturell endring der praksisrapporten blir omgjort frå ein del av mappeeksamen til ein obligatorisk aktivitet og prosjektoppgåva blir gjort om til heimeeksamen. Endringa gjeld frå og med våren 2024.</p>
Eventuelt	

Vibeke Moe
Utdanningsleiar

Jostein Eikrem Koløen
Adm. Studieleiar